



## Møtebok for Kommunestyret

**Møtedato:** 20.06.2018  
**Møtestad:** Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 15.00 - 18.25

Møtet vart styrt av ordførar Øyvind H. Oddekalv.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 13.06.18 og møtet var kunngjort i pressa 09.05.18.

Ved opprop var 27 medlemmer til stades, møtande varafolk medrekna.

I starten av møtet underheldt 5 elevar frå Meland kulturskule med piano, sang og cajun.

Kommunestyret starta med spørjetime.

Utdeling av kulturstipend og idrettstipend vert utsett til kommunestyremøte 12.09.18.

Fredrik Seliussen, H og Sølvi Knudsen, SP vart erklært inhabile i sak 38.  
Steinar Erstad og Leiv Jan Fosse møtte i sak 38.

Øystein Blom kom kl. 17.55. Marthe Aadland var til stades til kl. 17.55.

Kommunestyret hadde pause frå kl. 16.00 - 16.05 og frå kl. 17.15 - 17.30  
Det vart halde gruppemøte frå kl. 16.25 - 16.35 og frå kl. 18.15 - 18.20.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Øyvind H. Oddekalv	AP	Ordførar
Nils Marton Aadland	H	Varaordførar
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Erling Rønnestad	KRF	Medlem
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Åse Nina Sudmann	AP	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Mabel Johansen	H	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Fredrik Seliussen	H	Medlem
Øyvind Bratshaug	FrP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh	Medlem
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Medlem

Marit Samnøy Jøssang	KRF	Medlem
Stian Lavik	KRF	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem
Morten Klementsén	BF	Medlem
Astrid Anne Fjeldstad	SP	Medlem
Åshild Aamli	MDG	Medlem
Torunn Skurtveit	MDG	Medlem
Are Nygård	AP	Varamedlem
Øystein Vikebø	AP	Varamedlem
Marthe Aadland	H	Varamedlem
Steinar Erstad	H	Varamedlem
Tor Oscar Maaseide	FrP	Varamedlem
Bente Oliversen Sagstad	SP	Varamedlem
Leiv Jan Fosse	SP	Varamedlem
Nina Åsebø Olsvoll	Uavh	Varamedlem

<b>Forfall meldt frå følgjande medl.</b>	<b>Parti</b>
Asbjørn Larsen	AP
Beate Seveline Eknes	Uavh
Rune Lekven Skår	SP
Sigmund Larsen	FrP
Tormod Skurtveit	AP

**Desse møtte frå administrasjonen:** Rådmann Martin W. Kulild, personal- og organisasjonssjef Kari Anne Iversen, sektorsjef teknisk Anny Bastesen og økonomisjef Per Inge Olsen.

Protokollfører: Randi Hilland

26. juni 2018

Øyvind H. Oddekalv  
Ordfører

Randi Hilland  
konsulent

Nils Marton Aadland  
varaordfører

## Sakliste

Saknr	Tittel
33/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
34/2018	Godkjenning av møtebok
35/2018	Referatsaker
36/2018	Orientering om status Alver kommune
37/2018	Rekneskap og årsmelding 2017
38/2018	Økonomisk rapportering april 2018 med budsjettendring
39/2018	Økonomiplan 2019-2022
40/2018	Utvida leigetider Meland Aktiv, gymnastikklokale Sagstad skule. Budsjettmessige konsekvensar.
41/2018	Overdraging av kommunal eigedom - Nordgardsløa
42/2018	Sal av kommunal eigedom - Flatøy skule
43/2018	Etablering av Nordhordland brann og redning
44/2018	Avvikling av Sambandet Vest AS
45/2018	Rammeplan for Meland kulturskule
46/2018	Leige til eige - pilotprosjekt
47/2018	Konseptstudie - utviding av IKT-samarbeidet
48/2018	Pizzabakeren Meland - Søknad om serveringsløyve frå serveringsvogn
49/2018	Handtering overvatn Holtermandsvegen
50/2018	Kartlegging/vurdering av vegstrekning kortare enn 2/4 KM - brukt til skuleveg. FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		18/1335

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
33/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Godkjenning av innkalling og sakliste

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

#### Kommunestyret - 33/2018

#### KS - behandling:

#### KS - samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		18/1335

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
34/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Godkjenning av møtebok frå møte 02.05.18

### Vedlegg:

Protokoll - Kommunestyret - 02.05.2018

### Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Møtebok vert godkjent.

### Kommunestyret - 34/2018

### KS - behandling:

### KS - samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møte 02.05.2018 vert godkjent.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		18/1335

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
35/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Referatsaker

### Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
35/2018.1	Årsmelding Ungdomsrådet 2017
35/2018.2	Referat fra møte med Forsvarsministeren 15.03.18

## Saksopplysningar:

### Framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

### Kommunestyret - 35/2018

#### KS - behandling:

Ørjan Kristiansen, Uavh refererte skriv nr. 2.

Ordførar orienterte om skrivet som er eit referat frå møte med forsvarsministeren 15.03.18.

Revidert overordna framdriftsplan Nordhordlandspakken frå Statens vegvesen vart delt ut i møtet.

Ordførar orienterte:

Utfordring med planarbeid gjer at prosjekta i Meland vert utsett ca 1 år i forhold til plan som vart presentert i mars 2018.

Bomstasjonar vert og utsett - tidlegast på plass hausten 2019.

Vil invitere prosjektleiar i Nordhordlandspakken til møtet i formannskapet i august.

#### KS - samrøystes vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Randi Helene Hilland		18/1335

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
36/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Orientering om status Alver kommune

### Saksopplysningar:

#### Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

#### Kommunestyret - 36/2018

#### KS - behandling:

Ordførar orienterte frå siste møte i Fellesnemnda.

- Referansegruppa - identitet, symbol og felles kultur - skal legge fram forslag på kommunevåpen til møtet i Fellesnemnda 3. september
- 12 tenesteområdeleiarar er på plass
- Usikkerheit knytt til ressursbruk IKT
- Elektronisk pasientjournal ut på anbod
- Til hausten vert prosess for val av revisjonsordning sett i gang

#### KS - samrøystes vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210, FE - 004	18/1236

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
55/2018	Formannskapet	PS	13.06.2018
37/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Rekneskap og årsmelding 2017

### Vedlegg:

Årsmelding 2017 Meland kommune

Årsrekneskap 2017 Meland kommune

Særutskrift frå møte i Meland kontrollutval 15.05.18, sak 23/18 - Årsrekneskap 2017 og revisjonsmelding

Revisjonsmelding Meland 2017

Nr 15 Årsrekneskapen 2017

Fullstendighetserklæring - Uttale frå leiinga om kommunen sin rekneskap for 2017

### Saksopplysningar:

Meland kommune har i 2017 eit økonomisk resultat i balanse, med der vi har brukt kr 12,7 mill av disposisjonsfondet for å dekke inn meirforbruk på drifta.

Kommunen har eit netto driftsresultat på minus kr 5,9 mill, som er kr 20,2 mill lågare enn i 2016, då netto driftsresultat var positivt med kr 14,3 mill (2,5% av driftsinntektene).

Kommunen sin investeringsrekneskap viser at det er føreteke investeringar i anleggsmiddel på kr 104,7 mill, av dette er kr 11,4 mill til vassverk og avlaupsanlegg. Utlån og forskoteringar, avdrag på lån og avsetningar er på til saman kr 11 mill, slik at årets finansieringsbehov i investeringsrekneskapen er på kr 115,7 mill. Revidert budsjett var på kr 152,9 mill.

Framlegg til årsmelding for 2017 og årsrekneskap for 2016 følgjer som vedlegg til saka.

Desse gjev ei utfyllande forklaring til resultatet og kommentarar til drifta.

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2017 i samsvar med revisor si melding, med eit rekneskapsmessig resultat kr 0,- etter disponeringar.

### Formannskapet - 55/2018

### FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen oreinterte.



**FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2017 i samsvar med revisor si melding, med eit rekneskapsmessig resultat kr 0,- etter disponeringar.

**Kommunestyret - 37/2018**

**KS - behandling:**

**KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret godkjenner rekneskapen for Meland kommune for 2017 i samsvar med revisor si melding, med eit rekneskapsmessig resultat kr 0,- etter disponeringar.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Hans Petter Helgesen	FE - 153	18/1483

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
56/2018	Formannskapet	PS	13.06.2018
38/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Økonomisk rapportering april 2018 med budsjettendring

### Vedlegg:

Tertialrapport Meland 1 tertial 2018

Vedlegg til tertialrapport per 30.04.2018 - Kommentarer til framlegg til endringar i investeringsbudsjett for 2018

### Saksopplysningar:

#### Status Drift:

Per 30.04.2018 viser driftsrapporten at tenesteområda i hovudsak reknar med å halde seg innanfor dei reviderte budsjetttrammene på årsbasis. Anslaget for skatteinntekter nasjonalt er redusert for 2018. For Meland representerar dette ein reduksjon i inntektsprognosen med kr 0,5 mill.

I sum viser økonomirapporten at vi reknar med mindreinntekter på til saman kr 0,5 mill. i forhold til revidert budsjett for 2018. Den reviderte kostnadsramma til tenesteområda synast å vere tilstrekkeleg. Tenesteområda rapporterar at kostnadsnivå er på nivå med budsjetttramme. Basert på konklusjonene i driftsrapporten har vi eit behov for å bruke kr 0,5 mill. av disposisjonsfondet. Sjå tabell nedanfor for oppsummering.

<b>Netto drift per 30.04.2018</b>	<b>Rekn. Hiå.</b>	<b>Oppr. budsjett</b>	<b>Revidert budsjett</b>	<b>Progn. 2018</b>	<b>Progn. meirforbruk</b>
Netto inntekter (Rammetilskot, skatt og andre finanspostar)	147 966	456 000	454 770	454 270	-500
Sum netto utgifter alle tenesteområda	-151 946	-455 500	-457 900	-457 900	-
<b>Meir-/mindreforbruk (minus er meirforbruk)</b>	<b>-3 980</b>	<b>500</b>	<b>-3 130</b>	<b>-3 630</b>	<b>-500</b>

#### Status Investering:

Frå investeringrekneskapet framgår at kr 18,6 mill er brukt pr april 2018 av totalt investeringsbudsjett på kr 197,8 mill. (inkl. startlån).

Investeringa i vassleidning ved Meland Vassverk (K00676) og vassbehandlingsanlegg Hestdal (K00601) blir forseinka grunna klage frå fylkesmannen. Klagen omhandlar mangel på reguleringsplan. Kommunen vil rette seg etter klaga, og starte utarbeiding av reguleringsplan. Arbeidet vil truleg forseinke prosjekta med om lag 6 månader. Rapporten viser at det så langt i år ikkje er meirforbruk på nokre av dei påbegynte prosjekta.

### Framlegg til budsjettendring investering:

Vedlegget viser sum budsjett for investering i 2018 med foreslåtte endringer. Samla foreslås det å redusere budsjettet for inneverande år med kr 40,2 mill., hovedsakleg som følgje av forsenkingar i Vatn og avlaup prosjekter.

#### Oppsummering framlegg budsjettendr. Mai 2018

nr	Investeringar i ordinære driftsmidler	Rev. budsj. 2018 inkl mva	Endring mai 18	Nytt rev. Budsj. Inkl. mva
	IKT	4 750	150	4 900
	Skular og barnehage	37 463	-1 250	36 213
	Helse, sosial og omsorg	33 080	-7 500	25 580
	Kyrkje, kultur og næring	26 375	-	26 375
	Teknisk sektor	22 950	-875	22 075
	<b>Sum ordinære driftsmidler:</b>	<b>124 618</b>	<b>(9 475)</b>	<b>115 143</b>
	Andre kapitalutgifter:	9 650	-	9 650
	<b>Sum driftsmidler og andre kapitalutgifter</b>	<b>134 268</b>	<b>(9 475)</b>	<b>124 793</b>
	Vatn	47 440	-26 650	20 790
	Avlaup	16 045	-4 100	11 945
	<b>Sum VA-investeringar:</b>	<b>63 485</b>	<b>-30 750</b>	<b>32 735</b>
	<b>Sum alle investeringar:</b>	<b>197 753</b>	<b>-40 225</b>	<b>157 528</b>
	<b>Finansiering og kapitalinntekter:</b>			
	Lån Husbanken for vidareutlån	7 000	-	7 000
	Mottekne avdrag startlån	1 600	-	1 600
	Mva-refusjon	19 718	(1 895)	17 823
	Bruk av disp.fond	3 450	-	3 450
	Bruk av kapitalfond	2 600	(1 550)	1 050
	Lån ordinære driftsmidler	99 900	(6 030)	93 870
	Lån vatn og avlaup	63 485	(30 750)	32 735
	<b>Sum finansiering:</b>	<b>197 753</b>	<b>(40 225)</b>	<b>157 528</b>

Endring vert fremja på følgjande prosjekt:

Prosjekt nr	Namn	Opprinnelig budsjett	Endring	Nytt budsjett
	Nytt Digital Transformasjon skulane	0	150	150
	677 Vassleidning Myrvollane-Moldekleiv	500	200	700
	Sum foreslått auke:		350	
	262 Styrking ungd.skule, basseng, bibliotek, gym.sal, kultur	1 250	-1 250	0
	356 Spesialtilpassa utleigebustader/småhus	7 500	-7 500	0
	796 Oppgradering Frekhaug sentrum	875	-875	0
	601 Nytt vassbehandlingsanlegg Hestdal	25 050	-17 450	7600
	676 Vassleidning Meland vassverk - Meland høgdebasseng	10 000	-9 000	1000
	691 Avlaupsleidning Meland vassverk - Moldekleiv	4 500	-4 500	0
	Sum foreslått reduksjon:		-40 575	

### Framlegg til vedtak:

1. Reduksjon i inntekter på finansområdet med totalt kr 500.000,-.
2. Bruk av disposisjonsfond vert budsjettert med kr 500.000,-
3. Auke i nytt prosjekt "Digital Transformasjon skulane" og prosjekt K00677 – samla kr 350.000,-.
4. Reduksjon prosjekt K00262, K00356, K00601, K00676, K00691, K00796 – samla kr 40.575.000,-.
5. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.895.000,-
6. Reduksjon i bruk av lån kr 38.330.000,-

## **Formannskapet - 56/2018**

### **FS - behandling:**

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

### **Tilleggsframlegg frå SP, H og KrF:**

Ein vil sjå på ei eventuell løyving til dei private barnehagane fram mot kommunestyremøtet 20.06.18.

### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegget frå Sp, H, KrF fekk 6 røyster for, (2 AP, SP, H, KrF, V), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.**

### **FS – framlegg til vedtak:**

1. Reduksjon i inntekter på finansområdet med totalt kr 500.000,-.
2. Bruk av disposisjonsfond vert budsjettert med kr 500.000,-
3. Auke i nytt prosjekt “Digital Transformasjon skulane” og prosjekt K00677 – samla kr 350.000,-.
4. Reduksjon prosjekt K00262, K00356, K00601, K00676, K00691, K00796 – samla kr 40.575.000,-.
5. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.895.000,-
6. Reduksjon i bruk av lån kr 38.330.000,-

Ein vil sjå på ei eventuell løyving til dei private barnehagane fram mot kommunestyremøtet 20.06.18.

## **Kommunestyret - 38/2018**

### **KS - behandling:**

Fredrik Seliussen, H hadde varsla at han ville ha sin habilitet vurdert med bakgrunn i at han er eigar av Drømmehagen barnehage og har skrive under på brev frå 3 private barnehagar sendt til kommunen.

Sølvi Knudsen, SP varsla at ho ville ha sin habilitet vurdert då sonen sit i styret, men er ikkje eigar.

Fredrik Seliussen og Sølvi Knudsen gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet. Steinar Erstad og Leiv Jan Fosse tok sete.

Åshild Aamlim MDG varsla at ho ville ha sin habilitet vurdert med bakgrunn i at svigermor til hennar son er styrar i ein privat barnehage.

Åshild Aamli gjekk frå ved handsaming av habilitetsspørsmålet.

**Avrøysting:**

**Med tilvisning til forvaltningsloven § 6 e, pkt. 2 vart Fredrik Seliussen og Sølvi Knudsen samrøystes erklært inhabile.**

**Med tilvisning til forvaltningsloven § 6 e, pkt. 2 vart Åshild Aamli samrøystes erklært habil.**

Steinar Erstad og Leiv Jan Fosse tok del i handsaming av saka.

Åshild Aamli tok sete vedhandsaming av saka.

Rådmann Martin W. Kulild hadde ei innleiing til sak 38 og 39 samla.

**Tilleggsframlegg frå Høgre, FrP, SP og KrF:**

Auka tilskot til private barnehagar 2018, 3 mill.kr

Inndekning:

Disposisjonsfond 3 mill.kr.

**Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak i 6 punkt vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegg frå Høgre, FrP, Sp og KrF vart samrøystes vedteke.**

**KS - samrøystes vedtak:**

1. Reduksjon i inntekter på finansområdet med totalt kr 500.000,-.
2. Bruk av disposisjonsfond vert budsjettert med kr 500.000,-
3. Auke i nytt prosjekt "Digital Transformasjon skulane" og prosjekt K00677 – samla kr 350.000,-.
4. Reduksjon prosjekt K00262, K00356, K00601, K00676, K00691, K00796 – samla kr 40.575.000,-.
5. Reduksjon i mva-refusjon kr 1.895.000,-
6. Reduksjon i bruk av lån kr 38.330.000,-
7. Auka tilskot til private barnehagar 2018, 3 mill.kr  
Inndekning:  
Disposisjonsfond 3 mill.kr.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 145	18/1486

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
57/2018	Formannskapet	PS	13.06.2018
39/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Økonomiplan 2019-2022

### Vedlegg:

Økonomiplan 2019-2022 - Rådmannen sitt framlegg 31.05.2018, med endringar d.12.06.2018  
Vedlegg 2 til Økonomiplan 2019-2022 - Kommentrar til nye prosjekt og endringar d.12.06.2018  
Rådmannen sitt framlegg øk-plan 2019-2022  
Vedlegg nr 1 til øk plan forslag driftstiltak 2019-2022 - alle TO  
Vedlegg 2 Økonomiplan 2019-2022 - Kommentrar til endringar og nye investeringar

### Saksopplysningar:

Meland kommune legg i år fram økonomiplan til handsaming i juni i god tid før det detaljerte budsjettarbeidet på hausten skal starte opp. Økonomiplanen gjev då retning og rammer for budsjettarbeidet, og det vert anledning til ein politisk diskusjon og vedtak om kva prioriteringar som ein ynskjer skal leggjast til grunn når vi i haust starter opp arbeidet med budsjettet for 2019. I økonomiplanen kan ein og trekke opp eit langsiktig perspektiv og vurdere dei langsiktige utviklingstrekk som må leggjast til grunn for dei økonomiske prioriteringane som kommunen må gjere.

Kommunen er på veg inn i Alver kommune frå 2020, men skal leggje fram økonomiplan som om kommunen fortsatte som eigen kommune. Planen er prega av at kommunen opplever lågare folkevekst enn tidlegare rekna med, og at vi har måttet redusere forventa framtidig inntektsvekst i forhold til det som var lagt inn i førre økonomiplan for 2018-2021 (vedteke saman med budsjettet for 2018 i desember 2017).

Økonomiplanen tek omsyn til dei signala som kom i kommuneproposisjonen i mai, der det vert presentert føringar på korleis regjeringa legg opp til at kommuneøkonomien skal vere dei neste åra. Forøvrig viser rådmann til det vedlagte økonomiplandokumentet for ytterlegare kommentarar til den økonomiske utviklinga og dei vurderingar og prioriteringar som er gjort.

Rådmannen vil saman med budsjettet for 2019 leggje fram eit oppdatert økonomiplandokument der ein tek inn endringar som kjem i statsbudsjettet for 2019, og endelege inntekter for 2019 kan bereknast.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Investeringsbudsjettet for 2019 blir vedteke i samsvar med oppsettet i eigen tabell. Rådmannen skal justere investeringsbudsjettet for 2019 i samsvar med forventa framdrift på prosjekta som pågår i 2018 når budsjettvedtaket for 2019 fattast av kommunestyret i desember 2018.
2. Økonomiplan for 2019-2022 og rammer for 2019 vert vedteke, jfr. eigen tabell. Det endelege budsjettvedtaket for 2019 med korrekt ramme for ordinært rammetilskot og rammer for tenesteområda inkludert løns – og prisstigning vert vedteken av kommunestyret i desember 2018.

### **Formannskapet - 57/2018**

#### **FS - behandling:**

Rådmannen orienterte.

**Øyvind H. Oddekalv, Anne Grete Eide og Silje Sæterstøl la fram følgjande protokolltilførsel:**

Vi vil fram mot kommunestyret 20.06.2018 arbeide for ei løysing der ungdomsskule blir realisert.

#### **Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen FrP:**

Saken taes til orientering.

#### **Avrøysting:**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for.**

**Framlegg til vedtak frå Sigmund Larsen vart samrøystes vedteke.**

#### **FS - samrøystes vedtak:**

Saken taes til orientering.

### **Kommunestyret - 39/2018**

#### **KS - behandling:**

#### **Tilleggsframlegg frå Høgre, Frp, SP og KrF:**

Investeringar:

Ny ungdomsskule 200 mill.kr

Arbeidskyrkje 70 mill. kr

Verbalpunkt:

1. Det blir lagt til grunn av gymnastikksal og symjehall skal inn som byggjesteget 2 på ny ungdomsskule. Bassenget bør byggjast og drivast i samarbeid med private aktørar.
2. Det blir lagt til grunn at det blir etablert gründersenter og attraktive bustader i/ved dagens ungdomsskule. Dette bør gjennomførast i samarbeid med private aktørar.
3. Rådmannen blir beden om å arbeide vidare med å implementere dette fram mot handsaminga av budsjett for 2019.

## **Endringsframlegg frå AP v/Anne Grete Eide:**

### Investering.

Kommunestyret tar saka til orientering og ber rådmannen kome tilbake med ein økonomiplan i balanse, der ungdomsskule er prioritert. Kyrkja bli utsatt til seinare.

### Avrøysting:

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak med tilleggframlegg frå Høgre, FrP, SP og KrF fekk 19 røyster for, (5 H, 3 SP, 3 FrP, 3 KrF, 1 V, 1 MDG, 1 BF, 2 Uavh), 8 røyster mot, og er såleis vedteke.**

**Endringsframlegget frå Arbeiderpartiet fekk 8 røyster for, (7 AP, 1 MDG), 19 røyster mot, og fall.**

### **KS - vedtak:**

1. Investeringsbudsjettet for 2019 blir vedteke i samsvar med oppsettet i eigen tabell. Rådmannen skal justere investeringsbudsjettet for 2019 i samsvar med forventta framdrift på prosjekta som pågår i 2018 når budsjettvedtaket for 2019 fattast av kommunestyret i desember 2018.
2. Økonomiplan for 2019-2022 og rammer for 2019 vert vedteke, jfr. eigen tabell. Det endelege budsjettvedtaket for 2019 med korrekt ramme for ordinært rammetilskot og rammer for tenesteområda inkludert løns – og prisstigning vert vedteken av kommunestyret i desember 2018.

### Investeringar:

Ny ungdomsskule 200 mill.kr

Arbeidskyrkje 70 mill. kr

### Verbalpunkt:

1. Det blir lagt til grunn av gymnastikksal og symjehall skal inn som byggjestege 2 på ny ungdomsskule. Bassenget bør byggjast og drivast i samarbeid med private aktørar.
2. Det blir lagt til grunn at det blir etablert gründersenter og attraktive bustader i/ved dagens ungdomsskule. Dette bør gjennomførast i samarbeid med private aktørar.
3. Rådmannen blir beden om å arbeide vidare med å implementere dette fram mot handsaminga av budsjett for 2019.



# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	TI - &01, FA - D11	17/231

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
45/2018	Formannskapet	PS	23.05.2018
40/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Utvida leigetider Meland Aktiv, gymnastikklokale Sagstad skule. Budsjettmessige konsekvensar.

### Vedlegg:

Gymorganisering ved Sagstad skule

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Sagstad skule har meldt inn nokre utfordringar når det gjeld lokale for kroppsøving i Meland Aktiv. Elevtalet har auka over fleire år medan hallkapasiteten er uendra og etter kvart sprengt. Etter den siste skuleutvidinga har skulen kapasitet til 475 elevar.

Frå før er det knapt med tid til å drive svømmeopplæring pga liten bassengkapasitet i kommunen, og belastninga på lokala i Meland Aktiv blir tilsvarande større.

Enkelte klassetrinn er såpass store at mange elevar under same tak genererer i overkant mykje lyd og kaos, sjølv om hovudsalen kan delast opp med nedtrekkbare dukar. Dei nedtrekkbare dukane demper ikkje støyen i nemneverdig grad. Det er heller ikkje god nok garderobeplass til alle. Den kaotiske situasjonen går ut over både elevane sitt læringsmiljø og lærarane sitt arbeidsmiljø, jf vedlagte notat frå skulen.

Sagstad skule har vore i dialog med Meland Aktiv, og har kome fram til ei løysing som dei meiner kan gjennomførast, jf notatet. Den inneber å leige den nye fotballhallen når den står klar, og ta i bruk den store kultursalen i Meland Aktiv til kroppsøving. Leigetida blir den same som for storhallen, dvs 20 t pr veke.

Sagstad skule melder frå om at behovet for auka kapasitet gjeld frå komande skuleår, dvs frå hausten 2018, og at behovet er relativt akutt.

Ansvar for budsjettet og leigeavtalane for offentlege bygg vart flytta til Plan, utbygging og kommunalteknikk for nokre år sidan. Driftsbudsjettet har ikkje teke høgde for denne aktivitetsauken i 2018, og det er heller ikkje lagt inn noko langsiktig auke i økonomiplanen.

### Vurdering

Budsjettet for skulane sin bruk av lokale i Meland Aktiv er på kr 315 000 eks mva pr år, knytt til

storhallen (Meland Ungdomsskule 5 t og Sagstad skule 20 t pr veke). Leigeprisane vart justert etter kommunestyret sitt budsjettvedtak i desember 2016. Leige av den store kultursalen frå skulestart hausten 2018 vil etter dette koste om lag kr 54 000 eks mva i 2018 (4,5 mnd, 20 t pr veke). Heilårsverknaden av å leige den store kultursalen er kr 144 000 eks mva.

Den nye fotballhallen er venta å stå klar tidleg i 2019. Årleg leige av denne kan budsjetterast med same sum som for leige av storhallen, dvs kr 252 000 eks mva pr år for 20 timar i veka. I økonomiplansamanheng utgjer dette ein samla auke i husleigeutgifter for skulane sin bruk av Meland Aktiv for kroppsøving med om lag kr 396 000 eks mva pr år.

	Storhall		Store kultursal		Ny hall	Basseng		Endring i høve budsj 2018	
	2017	2018	2018	2019	2019	2018	2019	2018	2019
<b>Meland Aktiv</b>	315 000	315 000	54 000	144 000	252 000			54 000	396 000
<b>Nordhordland Folkehøgskule</b>						295 600	Årlege forhandl		Ca 15 000

*Uttheva årstal: nye summar*

Denne saka er avgrensa til budsjettmessige konsekvensar av å ta i bruk den store kultursalen til kroppsøving for Sagstad skule frå hausten 2018. Driftsbudsjettet ved Plan, utbygging og kommunalteknikk (PUK) har ikkje teke høgde for auka husleigeutgifter i 2018. Auka årlege husleigeutgifter f.o.m. 2019 må drøftast i økonomiplanen.

Folkehelse: Tilfredsstillande lokale og miljø for gymnastikkundervisning er særskild viktig folkehelseiltak  
Miljø: Ikkje relevant for denne saka  
Økonomi: Utvida leigetider medfører auka årlege kostnader i driftsbudsjettet

### Konklusjon

Rådmannen vurderer at Sagstad skule si grunnlegging for auka kapasitet på kroppsøvingslokale er gjennomarbeida og at det reelle behovet er godt dokumentert. Auka budsjettsum på kr 54 000 eks mva er ikkje vesentleg stor, men den kjem på toppen av eit allereie sprengt driftsbudsjett. Rådmannen meiner likevel at PUK må finne dekning for summen innafor eiga budsjetttramme i 2018 då kommunen sitt samla driftsbudsjett ikkje inneheld reservar til fordeling.

Heilårsverknadene av auka bruk av lokala i Meland Aktiv vert å kome tilbake til i økonomiplan 2019 – 2022.

### Framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek saka til orientering når det gjeld drifta i 2018. Endeleg avklaring på årleg utvida leige av lokale i Meland Aktiv vert å drøfte i økonomiplanen 2019 – 2022.

### Formannskapet - 45/2018

### FS - behandling:

**FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret tek saka til orientering når det gjeld drifta i 2018. Endeleg avklaring på årleg utvida leige av lokale i Meland Aktiv vert å drøfte i økonomiplanen 2019 – 2022.

**Kommunestyret - 40/2018**

**KS - behandling:**

**KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret tek saka til orientering når det gjeld drifta i 2018. Endeleg avklaring på årleg utvida leige av lokale i Meland Aktiv vert å drøfte i økonomiplanen 2019 – 2022.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Moe	FA - V60, Gbnr - 23/418	17/846

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
62/2018	Formannskapet	PS	13.06.2018
41/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Overdraging av kommunal eigedom - Nordgardsløa

### Vedlegg:

kopi av vedtekter

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Gnr. 23 bnr. 418, bruksnamn «Nordgardsløa», står registrert som samfunnshus/grendehus i matrikkelen. Eigedomen har eit utrekna areal på 1324,2 m<sup>2</sup>. Nordgardsløa blir i dag brukt av Stiftinga Nordgardsløa og har vore brukt av stiftinga sidan 1989. Løa blir brukt til mellom anna møter, kurs, aktivitetar, konsertar, utstillingar. I tillegg blir løa leigd ut til bryllaup, årsmålsdagar, konfirmasjon, dåp, kurs og liknande.

Meland kommune tok imot brev frå Stiftinga Nordgardsløa den 01.04.2017 med ønske om å få avklart eigedomsforholdet til Nordgardsløa. Stiftinga Nordgardsløa ønskjer enten å få tinglyst ein bruksrett eller få overført eigedommen til stiftelsen.

Stiftinga Nordgardsløa vart skipa i 1989. Det går fram av dokument datert 07.12.1989 at Meland kommune sitt innskot var Nordgardsløa med tilhøyrande tomt. Dokumentet vart underskrive av Meland kommune ved ordførar Arne I. Sakstad og formann i kulturstyret Olaug Tveit. I matrikkelen står Meland kommune fortsatt som eigar av Nordgardsløa pr. dags dato og innskotet frå Meland kommune har i si tid difor ikkje vore formalisert i matrikkelen.

### Vurdering

Meland kommune har i dag ingen økonomiske utgifter eller forplikingar til løa. Stiftinga Nordgardsløa har drive Nordgardsløa sidan 1989 og har gjort eit omfattande arbeid og vedlikehald på løa. Arbeidet har vore svært økonomisk gunstig for kommunen. Samtidig har Stiftinga Nordgardsløa skapt positiv aktivitet rundt eigedomen. Stiftinga Nordgardsløa har sørgja for at løa har vore eit hus for bygda. Stiftinga Nordgardsløa har difor gode føresetnader for å eige og leggje til rette for vidare drift til det beste for lokalsamfunnet.

I dokument datert 08.12.1989 skulle innskotet frå Meland kommune til Stiftinga Nordgardsløa vere Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt. Det er naturleg at eit slikt innskot blir formalisert. Stiftinga Nordgardsløa har ingen tinglyste rettar til Nordgardsløa i dag.

Rådmannen rår til at Nordgardsløa vert overdratt vederlagsfritt til Stiftinga Nordgardsløa i samsvar med dokument datert 07.12.1989.

Spørsmålet er om ei slik ordning (sal av kommunal eigedom til underpris/gåve) blir ramma av reglane i EØS-avtalen om ulovleg offentleg støtte.

Hovudregelen i EØS-avtalen er at offentleg støtte er forbode. Dette går fram av EØS-avtalen artikkel 61 og er gjennomført i norsk rett. Det er ingen tvil om at sal av kommunal eigedom til underpris vil vere ein favorisering av den som får kjøpe eigedomen. Stønaden er ulovleg dersom støttetiltaket gis til eit føretak som driv økonomisk verksemd – uansett føretakets organisering eller rettsleg status. Ettersom Stiftinga Nordgardsløa driv med utleige av Nordgardsløa kan det sannsynlegvis falle inn under den vide tolkinga av kva som er økonomisk verksemd.

Det er likevel viktig å understreke at det at det blir utøvd økonomisk aktivitet ikkje er einstyndande med at føretakets verksemd blir omfatta av EØS-avtalen art. 61 (1). Vilkåret om økonomisk aktivitet er berre eitt av fleire kriterier i ei vurdering etter denne regelen. Mellom anna må transaksjonen også påverke samhandelen innan EØS-området. I vedtekter for stiftinga «NORDGARDSLØA» stå det i § 1 – Føremål følgjande:

*«Stiftinga skal driva Nordgardsløa som allaktivitetshus for å fremja eit breitt og levande kulturtilbod for alle aldersgrupper. Tilboda bør skapa kontakt mellom generasjonane, og i plan- tilrettelegging skal ein ta omsyn til alle grupper. Ein bør arbeida for god kontakt med til dømes sjukeheim, eldresenter, barnehaga og skular.»*

Det er klart at samhandelsregelen ikkje slår inn, då stønaden berre vil få påverknad lokalt.

På bakgrunn av ovannemnde meiner rådmannen at overføring av Nordgardsløa vederlagsfritt til Stiftinga Nordgardsløa ikkje vil vere ei ordning som blir ramma av reglane i EØS-avtalen om ulovleg støtte.

Det er ein føresetnad at det blir tinglyst ein negativ servitutt på eigedomen som sikrar at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt berre kan overdragast til kommunen. I stiftelsens vedtekter § 2 – Ansvar og verksemd står det i siste avsnitt at «[v]ed oppløysing går Nordgardsløa til Meland kommune.»

Rådmannen reknar med at eigedomen er friteke for dokumentavgift, jf. Stortingets vedtak om dokumentavgift § 2A.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

**Konklusjon**

Rådmannen rår til at Nordgardsløa vert overdratt vederlagsfritt til Stiftinga Nordgardsløa.

Det må tinglysast ein negativ servitutt på eigedomen som sikrar at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt blir overdratt vederlagsfritt tilbake til kommunen dersom Stiftinga blir oppløyst.

**Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt blir overdratt vederlagsfritt til Stiftinga Nordgardsløa, som sikrar at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt blir overdratt vederlagsfritt tilbake til Meland kommune dersom Stiftinga Nordgardsløa blir oppløyst.

**Formannskapet - 62/2018****FS - behandling:****FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt blir overdratt vederlagsfritt til Stiftinga Nordgardsløa, som sikrar at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt blir overdratt vederlagsfritt tilbake til Meland kommune dersom Stiftinga Nordgardsløa blir oppløyst.

**Kommunestyret - 41/2018****KS - behandling:****KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt blir overdratt vederlagsfritt til Stiftinga Nordgardsløa, som sikrar at Nordgardsløa m/tilhøyrande tomt blir overdratt vederlagsfritt tilbake til Meland kommune dersom Stiftinga Nordgardsløa blir oppløyst.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Moe	FE - 614	17/68

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
61/2018	Formannskapet	PS	13.06.2018
42/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Sal av kommunal eigedom - Flatøy skule

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Flatøy skule, gnr. 1 bnr. 50, med bruksnamn «skulehustomta», har eit utrekna areal på 1744,6 m<sup>2</sup>. Eigedomen er omfatta av Reguleringsplan for Flatøy sør/aust og er satt av til område for offentlege bygg. I følgje planføresegn 4 a) skal området nyttast til skule.

Drifta ved Flatøy skule vart avvikla 1. august 2010. Kommunestyret har gjennom tidlegare vedtak (K-sak 079-10) godkjent at Flatøy bygdelag fekk leige Flatøy skule ut 2012. Leigeperioden vart forlenga frå og med 01.01.2013 til og med 31.12.2017, jf. leigekontrakt datert 14.12.2012.

Flatøy bygdelag satt fram skriftleg førespurnad om å overta eigedomen gjennom e-post datert 27.10.2017. Dei ønskjer at skulebygget skal gjerast tilgjengeleg for bygda og vil leggja til rette for god og variert bruk for alle på Flatøy. Dei tenker her på igangsetjing av ulike aktivitetar, skulen som møteplass for bygdelaget, vidareføring av tradisjonar rundt 17 mai feiringa m.m.

#### Vurdering

Vurderinga frå rådmannen si side vil vere mykje lik den som vart lagt til grunn ved saka om sal av Gaustad skule (K-sak 010/12).

Kommunen som bygningseigar har ansvar for å halde den kommunale bygningsmassen i forskriftsmessig stand med omsyn til helse, miljø og sikkerheit, samt sikre ein god verdibevaring av eigedomen. Kommunen har sjølv ikkje behov for å nytte Flatøy skule og har i dag likevel utgifter til vedlikehald, straum, forsikring, alarm, driftskontrollanlegg og kommunale avgifter. Å avhende bygningen vil difor gi ei årleg innsparing for kommunen. Ressursar som medgår til å forvalte eigedomen kan bli brukt til å forvalte bygg der det blir utført lovpålagte oppgåver.

Sal av Flatøy skule kan også bidra i positiv retning ved at skulebygget blir tilgjengeleg for bygda. Flatøy bygdelag ser for seg å gjere bygget tilgjengeleg for alle aldrar. Flatøy bygdelag kan i tillegg vere med å betre kvaliteten på bygget, då bruken ikkje vil verte påverka av at bygget er eigd av andre.

Rådmannen ønskjer på bakgrunn av ovannemnde å tilby Flatøy bygdelag å overta Flatøy skule for ein mindre sum. Kommunen har i ein tidlegare sak tilbydd tilsvarande overtaking av eit tidlegare skulebygg for kr. 40 000,- til det lokale bygdelaget. Rådmannen rår til at Flatøy bygdelag får kjøpe Flatøy skule for kr. 40 000,-.

Spørsmålet er om ei slik ordning (sal av kommunal eigedom til underpris/gåve) blir ramma av reglane i EØS-avtalen om ulovleg offentleg støtte.

Hovudregelen i EØS-avtalen er at offentleg støtte er forbode. Dette går fram av EØS-avtalen artikkel 61 og er gjennomført i norsk rett. Det er ingen tvil om at sal av kommunal eigedom til underpris vil vere ein favorisering av den som får kjøpe eigedomen. Stønaden er ulovleg dersom støttetiltaket gis til eit føretak som driv økonomisk verksemd – uansett føretakets organisering eller rettsleg status. Dersom Flatøy bygdelag skal drive utleige av samfunnslokale kan det sannsynlegvis falle inn under den vide tolkinga av kva som er økonomisk verksemd.

Det er likevel viktig å understreke at det at det blir utøvd økonomisk aktivitet ikkje er einstyndande med at føretakets verksemd blir omfatta av EØS-avtalen art. 61 (1). Vilkår om økonomisk aktivitet er berre eitt av fleire kriterier i ei vurdering etter denne regelen. Mellom anna må transaksjonen også påverke samhandelen innan EØS-området. I registreringa i Brønnøysund står det at Flatøy bygdelag skal «[f]remja medlemmene sine felles interesser i og for bygda, samt å arbeide fram dei rettar for trivsel som tilkjem bygda frå offentleg hald.» Det er klart at samhandelsregelen ikkje slår inn, då stønaden berre vil få påverknad lokalt.

På bakgrunn av ovannemnde meiner rådmannen at sal av Flatøy skule for ein mindre sum på kr. 40 000 ikkje vil vere ei ordning som blir ramma av reglane i EØS-avtalen om ulovleg støtte.

Rådmannen reknar med at eigedomen er friteke for dokumentavgift, jf. Stortingets vedtak om dokumentavgift § 2A.

Flatøy bygdelag får ansvaret for å søkje om dispensasjon for omgjering til anna føremål. Dei må også ta ansvaret for evt. kostnader ved ein slik søknad.

Når det gjeld parkeringsplassen som ligg på gnr. 1 bnr. 306, skal denne fortsatt vere eigd av Meland kommunen. Det kan likevel gjerast avtale om bruk og drift av parkeringsplassen.

Kommunal forkjopsrett bør sikrast. For å sikre at bygningen blir drifta og vedlikehalde på ein fornuftig og verdibevarande måte, er ikkje den kommunale forkjopsretten knytt til dagens kjøpesum men til marknadspris. Det vanskeleg å sjå for seg at nokon vil investere i eit bygg når ein risikerer å tape all kapital dersom ein veljar å avslutte engasjementet.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at Flatøy bygdelag får kjøpe Flatøy skule for kr. 40 000,-. Det er viktig at kommunen får selt ut eigedomar som ikkje lenger tener kommunale formål, og som i praksis berre er ein utgiftspost i kommunal samanheng.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til at Flatøy bygdelag får kjøpe Flatøy skule for kr. 40 000,-. Kommunal forkjopsrett skal sikrast.



### **Formannskapet - 61/2018**

#### **FS - behandling:**

##### **FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til at Flatøy bygdelag får kjøpe Flatøy skule for kr. 40 000,-. Kommunal forkjøpsrett skal sikrast.

### **Kommunestyret - 42/2018**

#### **KS - behandling:**

##### **KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret sluttar seg til at Flatøy bygdelag får kjøpe Flatøy skule for kr. 40 000,-. Kommunal forkjøpsrett skal sikrast.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Martin W. Kulild	FA - M80, TI - &10	18/1469

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
58/2018	Formannskapet	PS	13.06.2018
43/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Etablering av Nordhordland brann og redning

### Vedlegg:

Felles brannordning for kommunane Lindås, Meland, Radøy, Austrheim og Modalen  
Rapport Mulighetsstudie NHBR  
Samarbeidsavtale NHBR ferdig versjon

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunane Lindås, Meland, Modalen, Radøy og Austrheim har over fleire år jobba saman med å vurdere beredskapsorganiseringa i regionen. Dette med bakgrunn i nye krav og forventningar til den kommunale brann- og redningstenesta, og prosessen med kommunesamanslåing. Desse kommunane er i dag organisert med vertskommunesamarbeid mellom Lindås, Meland og Modalen, medan Radøy og Austrheim har eigne brann- og redningsorganisasjonar.

Det er gjennomført fleire analyser og utgreiingar knytt til eit større regionalt brann- og redningsvesen i Nordhordland. Våren 2017 blei det presentert ein mulighetsstudie for å vurdere etablering av ein felles regional brann- og redningsteneste i Nordhordland. Studien viste at regionen samla sett har høg kompetanse på beredskap, godt og moderne utstyr og mange ressursar å spele på. Dette gjeld både for den enkelte kommune og for industrien på Mongstad. Men basert på det framtidige risikobildet i regionen og nye krav for den kommunale brann- og redningstenesta, viste studien at desse ressursane og kompetansen kan bli nytta på ein betre måte om ein organiserer brann- og redningstenesta i ei større eining - med felles leiing og større kompetansemiljø. Eit sentralt element i denne vurderinga er krav og forventningar som blir lagt til framtidige brann- og redningstenester. Dette gjeld mellom anna:

- Framlegg til ny dimensjoneringsforskrift, som krev at alle brann- og redningsvesen skal ha brannsjef, varabrannsjef og leiar for førebyggjande i heile stillingar. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) planlegg å legge ut forskrifta på høyring haust 2018 med verknad frå 01.01.2019.
- Førebyggjande forskrift, der brann – og redningstenesta får eit større ansvar for arbeidet med det førebyggjande arbeidet, mellom anna knytt til risikovurderingar og oppfølging av planar basert på definert risiko.
- Utdanningsreform for deltidspersonell, der kravet til utdanning og øving for deltidspersonell blir skjerpa.

- Andre oppgåver som er lagt til brann og redning på grunn av meir ekstremvær og konsekvensar av reformar i politi og helsevesen.

Mulighetsstudien anbefaler at dagens tre beredskapsorganisasjonar i kommunane Lindås, Meland, Modalen, Radøy og Austrheim blir slått saman. Det førebyggjande arbeidet blir vidareført gjennom NGIB og det blir ei samordning av feiartenesta.

### **Etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR)**

Basert på anbefalingane frå mulighetsstudien blei det hausten 2017 etablert eit nytt samarbeidsprosjekt mellom dei same kommunane, med mål om konkret etablering av Nordhordland brann og redning. Fase 1 av dette prosjektet er vedtak om ny brannordning og samarbeidsavtale, som er bakgrunn for denne politiske saka. Fase 2 er konkret etablering av ny organisasjon. Målet er at Nordhordland brann og redning er operativ frå 01.01.2019.

### **Rammer for Nordhordland brann og redning**

I framlegg til ny brannordning og samarbeidsavtale er det lagt opp til følgjande hovudelement:

- Namnet for samarbeidet er Nordhordland brann og redning (NHBR)
- Samarbeidet gjeld for kommunane Lindås, Meland, Radøy, Austrheim, og Modalen. Frå 01.01.2020 blir det kommunane Alver, Austrheim og Modalen.
- Samarbeidet blir organisert som eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28b, der Lindås kommune er vertskommune (Frå 01.01.2020 er Alver vertskommune).
- Prosessen blir gjennomført som ei verksemdsoverdraging.
- Prosessen med organisering og plassering i roller blir gjennomført i samsvar med omstillingsavtalen for Alver kommune.
- Det er valt same modell for organisering og struktur som vertskommunen (Alver kommune), med brannsjef som tenesteleiar og avdelingsleiarar for operativ avdeling, førebyggjande avdeling og feiar/bustadtilsyn.
- Området blir delt opp i fem brannvern- og beredskapsområder:
  - Hovudbrannstasjon (inntil vidare) plassert i Knarvik-området (Det kan bli endringar ved ny brann-ROS for Mongstad-området)
  - Lokalstasjon plassert på Lindås/Kaland (med felles vaktlag).
  - Lokalstasjon plassert på Mastrevik
  - Lokalstasjon plassert ved Manger sentrum
  - Lokalstasjon plassert på Mo og eit deponi ved Øvre Helland.
- Det brannførebyggjande arbeidet blir vidareført gjennom NGIB som er eit felles samarbeid mellom 9 kommunar i regionen. Dette samarbeidet har eigen avtale.
- Feiartenesta skal samordnast for alle kommunane i Nordhordland brann og redning
- Samarbeidet skal vere dimensjonert for å handtere særskilde risikoobjekt, til dømes industrien på Mongstad.
- Den operative organiseringa er ei samordning av brann- og redningstenesta for dei fem kommunane. Det betyr ei organisering der ein i større grad går frå ei tilkallingsorganisering, til ein meir føreseieleg modell, med større grad av vaktplanar som sikrar at tilstrekkeleg og førehandsdefinert bemanning til ein kvar tid, som då er tilgjengeleg og rykker ut innfor lovpålagte krav til innsatstid.
- Ved stasjonane skal det minimum vere tilknytt 16 mann for å sikra nok ressursar som kan møte hendingar.

- Det blir lagt opp til opptrappingsplan for øvingstid frå 40 til 48 timar øving per år innan 2023. Dette gjeld for alt mannskap på alle stasjonar, dette på grunn av auka grad av spesialisering og andre type oppdrag (Eks. PLIVO).
- Samarbeidet inngår felles avtale med IUA (Akutt forureining)
- Kostnadane blir fordelt med 12% fast fordeling, resten etter folketal.
- Den enkelte kommune står for investeringar knytt til stasjonane, stasjonane må vere i samsvar med krav frå Arbeidstilsynet. NHBR leigar arealet av kommunen.
- Bilar og utstyr som kommunane eig skal vere disponibelt for samarbeidet.
- Investering av nye bilar og nytt utstyr blir handtert av samarbeidet.
- Andre kommunar kan søke om deltaking i samarbeidet.

### **Vurdering**

Kommunen har eit generelt og grunnleggjande ansvar for å ta vare på innbyggjarane sin sikkerheit og tryggleik innanfor sitt geografiske område. Etter brann- og eksplosjonsvernlova § 9, 1. ledd skal kommunen sørge for å etablere og drifte brann- og redningsvesen som kan ta vare på førebyggjande og beredskapsmessige oppgåver som lova krev, på en effektiv og sikker måte. Kommunen skal gjennomføre ein risiko- og sårbarhetsanalyse, slik at brann- og redningsvesenet blir best mulig tilpasset de oppgavene det kan bli stilt overfor.

Krav og oppgåver til kommunale brann- og redningsvesen har auka dei seinare åra, og det er forventa ytterligere krav som gjer det krevjande å handtere dette for enkeltkommunar. Brann og redning er derfor eit fagområde det er fornuftig å sjå på større samarbeid på tvers av kommunar. Ved å etablere Nordhordland brann og redning får ein bygd opp ein større kompetanseorganisasjon som bidrar til auka beredskap i regionen. Den nye organisasjonen vil støtte krav til leiing, kompetanseutvikling og systemarbeid. Det blir også ein organisasjon som har evne til å handtere større og lengre aksjonar med eigne ressursar.

### **Sentrale endringar:**

Samanlikna med dagens organisering (spesielt for Radøy og Austrheim) er det lagt opp følgjande endringar:

- Felles leiing med heiltidsstillingar for brannsjef, varabrannsjef og leiar for førebyggjande.
- Ny vaktordning med totalt 115 deltidstilsette. Det betyr ei organisering der ein i større grad går frå ei tilkallingsorganisering, til ein meir føreseieleg modell med større grad av vaktplanar som sikrar at tilstrekkeleg og førehandsdefinert bemanning til ein kvar tid. Desse vil vere tilgjengeleg og rykker ut innafor lovpålagte krav til innsatstid.
- Det blir tilsett ein fagleiar for deltidstyrken. Med 115 deltidstilsette er det viktig å ha ein koordinator som kan handtere drifta og oppfølginga av dette mannskapet. I tillegg bli det lagt inn ein ressurs som er ansvarlig for kurs, kompetanseutvikling og systemarbeid. Denne personen skal sikre at heile brann- og redningstenesta har felles system for kvalitetsarbeid, internkontroll, opplæring og planar. Her er det også potensiale for inntekter på ekstern aktivitet.

### **Ny brann-ROS på Mongstad**

Mongstad-området har i dag ein gammal brann-ROS og det er usikkert om den nye organiseringa av Nordhordland brann og redning er dimensjonert i samsvar med dagens risikobilde i dette området. NHBR må starte arbeid med ny brann-ROS for Mongstad-området så snart som mulig. Den nye brann-ROS kan få konsekvens for organisering av beredskapen i dette området.

## Økonomi og finansiering

- Det er lagt opp til ein kostnadsmodell med 12% fast fordeling og resten fordelt etter folketal. Fast sum på 12% gir ca kr 713.300 per kommune i 2019 og ca kr 1.200.000 i 2020 (Etter at Alver kommune er etablert)
- Totalkostnad for samarbeidet i 2019 blir kr 29,7 mill. Kostnaden for desse brannverna i dag er samla sett 28,5 mill. Ekstra kostnad skuldast nye stillingar og ny vaktordning. Kostnadane går i hovudsak til å dekkja løn, auka øvingstid, omprofilering av utstyr og materiell og til kulturbygging/organisasjonsutvikling.

### Kostnadsfordeling per kommune:

Fordeling utgifter 2019				
Netto ramme				29 724 033,00
Fast fordeling		12 %		3 566 883,96
Fordeling etter folketall				26 157 149,04
	Folketall	Fast fordeling	Etter folketall	Total fordeling
Austrheim	2884	713 376,79	2 345 174,18	3 058 550,97
Lindås	15751	713 376,79	12 808 196,43	13 521 573,22
Meland	8021	713 376,79	6 522 414,04	7 235 790,83
Radøy	5128	713 376,79	4 169 921,36	4 883 298,15
Modalen	383	713 376,79	311 443,03	1 024 819,83
Sum folketall	32167			
Fordeling utgifter 2020				
Netto ramme				29 724 033,00
Fast fordeling		12 %		3 566 883,96
Fordeling etter folketall				26 157 149,04
	Folketall	Fast fordeling	Etter folketall	Total fordeling
Austrheim	2884	1 188 961,32	2 345 174,18	3 534 135,50
Modalen	383	1 188 961,32	311 443,03	1 500 404,35
Alver	28900	1 188 961,32	23 500 531,83	24 689 493,15
Sum folketall	32167			

Tabellen under viser kva som er budsjettert i 2018 for kvar kommune, samanlikna med kva kostnad det blir per kommune i Nordhordland brann og redning (NHBR) i 2019 og frå 2020. I tillegg er det lagt inn ei kolonne til høgre som viser kostnadar om f. eks Radøy, Austrheim og Modalen vil ha eige brannvern frå 2019. Her er det berre lagt inn kostnader for å kunne dekke kravet om heile stillingar. Ny vaktordning og andre funksjonar er ikkje lagt inn.

	2018	2019	2020	Ikkje bli med i NHBR
Radøy	4.138.566	4.883.298		5.338.000
Austrheim	2.942.000	3.058.551	3.534.135	4.400.000
Modalen	1.026.402	1.024.820	1.500.404	2.680.554
Lindås	13.481.210	13.521.574		
Meland	6.874.388	7.235.790		
Alver			24.689.493	

### **Særlege forhold for Meland kommune:**

- Meland kommune har hatt eit samarbeid om brann og redning saman med Lindås sidan 1995. Lindås kommune har vore vertskommune.
- Frå 01.05.17 kom Modalen inn i brannsamrådet.
- Meland kommune dekkjer 33% av kostnadane i dette samarbeidet, og i 2018 er det budsjettert med kr 6,874 mill.
- Men den nye finansieringsmodellen for Nordhordland brann og redning får Meland kommune ein kostnad på kr 7,235 mill i 2019. Det er ein auke på ca kr 360.000. Frå 01.01.2020 blir Meland ein del av Alver kommune.
- Reint organisatorisk blir det ikkje store endringar for Meland kommune samanlikna med dagens samarbeid med Lindås og Modalen. Den nye organisasjonen blir dimensjonert i samsvar med framtidige krav, og det blir ei styrking av ressursar og kompetanse til opplæring, kompetanseutvikling og systemarbeid.
- Meland held fram i det førebyggjande arbeidet gjennom NGIB og feiartenesta blir ein del av Nordhordland brann og redning.

### **Konklusjon**

Krav til kommunale brann- og redningstenester vil auke i åra framover, og det er eit fagområde det er tenleg å ha større samarbeid på tvers av kommunegrensene. Etablering av Nordhordland brann og redning vil styrke beredskapen i regionen, t.d gjennom ny vaktordning, heilskapleg leing, systemarbeid, meir øvingstid og fokus på kompetanseutvikling. Dette blir også ein organisasjon som kan handtere større og meir komplekse beredskapssituasjonar. Meland kommune har sidan 1995 hatt eit godt samarbeid med Lindås kommune om brannvern, og i desse åra er det bygd opp ein kompetent og profesjonell beredskapsorganisasjon. Dette vil ytterligare styrka med etablering av Nordhordland brann og redning. Som følge av det nye samarbeidet får Meland kommune ein kostnadsauke på ca kr 360.000 i 2019. Sjølv om Meland kommune blir ein del av Alver kommune i 2020 og uansett som ein del eit større brannvern saman med Lindås og Radøy, vurderer rådmannen det som føremålstenleg å vere med i det nye brannvernet frå 01.01.2019.

Rådmannen rår til at Meland kommune godkjenner ny brannordning og samarbeidsavtale for å etablere Nordhordland brann og redning. Kostnader med samarbeidet blir innarbeidd i samband med budsjett og økonomiplan.

### **Framlegg til vedtak:**

- Meland kommune godkjenner brannordning og samarbeidsavtale for etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR).
- Kostnader for deltaking i samarbeidet blir handsama i prosessen med økonomiplan og budsjett

### **Formannskapet - 58/2018**

#### **FS - behandling:**

#### **Sigmund Larsen la fram følgjande protokolltilførsel:**

FrP støtter forslaget i saken, men vi ønsker å avslutte samarbeidet med Austrheim.

**Avrøysting:**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

- Meland kommune godkjenner brannordning og samarbeidsavtale for etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR).
- Kostnader for deltaking i samarbeidet blir handsama i prosessen med økonomiplan og budsjett

**Kommunestyret - 43/2018**

**KS - behandling:**

**Avrøysting:**

Formannskapet sitt framlegg til vedtak fekk 17 røyster for, (7 AP, 3 SP, 1 FrP, 2 MDG, 1 V, 1 BF, 2 Uavh), 10 røyster mot, (5 H, 3 KrF, 2 FrP), og er såleis vedteke.

**KS - vedtak (mot 10 røyster):**

- Meland kommune godkjenner brannordning og samarbeidsavtale for etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR).
- Kostnader for deltaking i samarbeidet blir handsama i prosessen med økonomiplan og budsjett

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Martin W. Kulild	FE - 026, FE - 037	18/1541

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
44/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Avvikling av Sambandet Vest AS

### Vedlegg:

Brev til eierne i Sambandet Vest

Referat frå styremøte nr. 2 16.03.18

Referat frå eiermøte 16.04.18

Innk. Generalforsamling Sambandet vest 28.06.18

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Som deleigar av Sambandet Vest AS har Meland kommune mottatt brev frå selskapet, der ein ber kommunen som eigar fatte vedtak om å støtte avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS. Det blir vist til referat frå styremøte 16.03.18 og eigarmøte 16.04.18 som bakgrunn for denne førespurnaden. Styret og eigarane har kome fram til at det beste for prosjektet Sambandet Vest/Tverrsambandet er å endre organisasjonsform. Det har vore ei utfordring å ha eit aksjeselskap med både offentlege og private eigarar, mellom anna på grunn av styringsstruktur og oppfølging av vedtak. I tillegg har dette vore eit selskap utan inntekter, som må tilførast driftskapital årleg frå eigarane. Det blir derfor anbefalt at aksjeselskapet Sambandet Vest AS vert avvikla. Det blir valt eit avviklingsstyre på generalforsamling 28.06.18. Vidare er målet å avvikle selskapet i løpet av 2018. Det vert lagt til grunn at driftsmidlane som er opplyst tidlegare og vedteken i eigarkommunane, er tilstrekkeleg til å dekke kostnader med avvikling. Sjølv om aksjeselskapet blir avvikla skal prosjektet leve vidare. Det blir anbefalt at det blir etablert ei styringsgruppe frå dei samarbeidande kommunane, Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Det må difor veljast 1 politisk representant frå desse kommunane til styringsgruppa. Denne styringsgruppa kan etablere arbeidsgrupper og referansegrupper etter behov. Meland kommune må før generalforsamlinga i selskapet (28.06.18), gjere vedtak i saka.

Meland kommune tek på seg ei koordinerande rolle i den vidare prosessen, der neste steg er å utarbeide ein silingsrapport med utkast til eit planprogram for ein kommunedelplan. For arbeidet som Meland kommune gjer, på vegne av dei andre kommunane, er det estimert ca kr 24.000 per kommune årleg (1/5). For 2018 utgjer bidraget til Meland, frå dei andre kommunane, om lag kr 56.000. Om Austrheim kommune vel å oppretthalde at dei trekkjer seg eller verte med i samarbeidet, kan det bli mindre justeringar og nye fordelingar per kommune frå 2019. Til grunn for berekinga av bidraget er det lagt til grunn 10% av årsløn til næringsrådgjevar samt litt for post/arkivtenester. Eit samarbeid som dette må mellom anna følgje offentlege lover og forskrifter om journalføring. Direkte kostnader knytt til ekstern bistand, skal fakturerast og fordelast mellom



kommunane. Dersom vi må nytte betydeleg meir tid og ressursar internt for å løyse oppdraget, på vegne av samarbeidet, vert det å kome attende til summen som skal fakturerast dei samarbeidande kommunane.

### **Vurdering**

Det er lagt til grunn at driftsmidlane som er vedtatt i eigarkommunane er tilstrekkeleg for å dekke kostnader med avvikling av selskapet. Rådmannen støttar dei vurderingar som er gjort rundt utfordringane med å ha eit aksjeselskap som organisasjonsform for eit slikt prosjekt. Rådmannen rår til at Meland kommune støttar ei avvikling av aksjeselskapet Sambandet AS.

### **Konklusjon**

#### **Framlegg til vedtak:**

1) Meland kommune støtter avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS.

2) Prosjektet Sambandet Vest blir organisert vidare som eit samarbeid mellom kommunane Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Det blir valt 1 politisk representant frå kvar kommune som utgjør styringsgruppa. Denne styringsgruppa kan etablere arbeidsgrupper og referansegrupper etter behov. Meland kommune tar administrasjonen av prosjektet vidare. Kostnad vert dekkja med 1/5 frå kvar av kommunane. For 2018 utgjør det kr 14.000,- per kommune.

3) Politisk representant til styringsgruppa for Meland kommune er..... med vara.....

4) Meland kommune tek på seg å administrere samarbeidet.

### **Kommunestyret - 44/2018**

#### **KS - behandling:**

#### **Framlegg frå valnemnda v/Anne Grete Eide:**

Pkt 3:

Representant: Ordførar Øyvind H. Oddekalv

Vararepresentant: Varaordførar Nils Marton Aadland

Det vart ikkje kravd skriftleg røysting punkt 3.

Det vart røysta over kvart punkt.

#### **Avrøysting:**

**Punkt 1 vart samrøystes vedteke.**

**Punkt 2 fekk 24 røyster for, (7 AP, 5 H, 3 FrP, 3 SP, 3 KrF, 1 V, 1 BF, 1 Uavh), 3 røyster mot, (2 MDG, 1 Uavh), og er såleis vedteke.**

**Punkt 3 - framlegg frå valnemnda fekk 26 røyster for, (7 AP, 5 H, 3 FrP, 3 SP, 3 KrF, 2 MDG, 1 V, 1 BF, 1 Uavh), 1 røyst mot, (Uavh), og er såleis vedteke.**

**Punkt 4 fekk 24 røyster for, (7 AP, 5 H, 3 FrP, 3 SP, 3 KrF, 1 V, 1 BF, 1 Uavh), 3 røyster mot, (2 MDG, 1 Uavh), og er såleis vedteke.**

**KS - vedtak:**

- 1) Meland kommune støtter avvikling av aksjeselskapet Sambandet Vest AS.
  
- 2) Prosjektet Sambandet Vest blir organisert vidare som eit samarbeid mellom kommunane Askøy, Austrheim, Lindås, Meland og Radøy. Det blir valt 1 politisk representant frå kvar kommune som utgjør styringsgruppa. Denne styringsgruppa kan etablere arbeidsgrupper og referansegrupper etter behov. Meland kommune tar administrasjonen av prosjektet vidare. Kostnad vert dekket med 1/5 frå kvar av kommunane. For 2018 utgjør det kr 14.000,- per kommune.
  
- 3) Politisk representant til styringsgruppa for Meland kommune er ordførar Øyvind H. Oddekalv med vara, varaordførar Nils Marton Aadland.
  
- 4) Meland kommune tek på seg å administrere samarbeidet.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - B13, FA - A30	18/1302

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
20/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018
45/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Rammeplan for Meland kulturskule

### Vedlegg:

Rammeplan for Meland kulturskule

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

#### Sentral rammeplan

I 2012 bestilte landsmøtet til Norsk kulturskuleråd ny sentral rammeplan, til erstatning for rammeplanen frå 2003, *På vei til mangfold*. Planen var til høyring i kommunane, og høyringsfråsegn frå Meland vart handsama i KS-45/2014 med vedtak «*Meland kommune meiner ny rammeplan for kulturskulen er ein framtidretta og god plan, men vil peike på at ulikskapen mellom kommunane må takast omsyn til i den vidare handsaminga av planen.*»

Meland kulturskule vart av Norsk kulturskuleråd peikt ut til å vere ein av tre pilotkulturskular i Hordaland i dette arbeidet, saman med Askøy og Bergen kulturskular.

Den sentrale rammeplanen vart endeleg vedtatt av Norsk kulturskuleråd sitt landsmøte i 2016, med tittel *Rammeplan for kulturskolen – mangfold og fordyping*. Denne planen er rådgjevande for kommunane fram til eventuelle lokale politiske vedtak.

#### Lokal rammeplan

For å førebu saka for vidare handsaming, har kulturskulen arbeidd med å tilpasse den sentrale rammeplanen for dei lokale tilhøva i Meland, mellom anna med eigne lokale fagplanar for dei einskilde undervisningsfaga, samt ved å la dei overordna prinsippa spegle lokal pedagogisk praksis og andre tilhøve ved kulturskulens drift.

Dette arbeidet har resultert i den lokale rammeplanen som no ligg føre, og er i tre delar, *samfunnsoppdrag, prinsipp og retningslinjer og fagplanar*. Kulturskulen sine vedtekter er ikkje del av denne saka.

### **Vurdering**

Ein lokalt tilpassa rammeplan, med tilhøyrande fagplanar og brei forankring i personalet, vil vere ei styrke for drifta og den faglege kvalitetssikringa av undervisinga ved Meland kulturskule. Planen legg ikkje opp til økonomiske forpliktingar, anna enn ulike kvalitets- og kompetanseomsyn. Desse omsyna samsvarar med drifta av kulturskulen dei siste åra, og planen er slik ei stadfesting og planmessig forankring av kvalitets- og undervisingstradisjonen ved skulen.

Planen kjem nær kommunesamanslåing, men tek ikkje om seg å leggje føringar inn mot Alver kommune. Planen som no ligg føre til politisk handsaming er resultat av eit stort, breitt og omfattande arbeid ved Meland kulturskule dei siste åra, som oppfølging av deltakinga inn mot det sentrale rammeplanarbeidet. Det vert vurdert til at dette arbeidet bør verte slutført.

### **Folkehelse**

Deltaking i kulturaktiviteter og kreative uttrykk er sett på som positivt for folkehelsa til barn og unge.

### **Miljø**

Planen har ikkje påverknad på miljø.

### **Økonomi**

Planen legg ikkje opp til økonomiske føringar.

### **Konklusjon**

Rammeplan for Meland kulturskule ligg føre til handsaming. Planen er ei lokal tilpassing av Norsk kulturskuleråd sin sentrale rammeplan, og har hovudfokus på fagleg kvalitet og eit føreseieleg fagleg sterkt kulturskuletilbod til barn og unge i Meland kommune.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Rammeplan for Meland kulturskule slik den ligg føre

### **Utval for levekår - 20/2018**

#### **ULK - behandling:**

Rektor Meland kulturskule Camilla Söderstrøm Tveit orienterte.

#### **ULK – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Rammeplan for Meland kulturskule slik den ligg føre.

### **Kommunestyret - 45/2018**

#### **KS - behandling:**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret godkjenner Rammeplan for Meland kulturskule slik den ligg føre.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Arngunna Haga	- 613, - & 55	18/1084

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
16/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018
46/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Leige til eige - pilotprosjekt

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Meland kommune har for få kommunale bustader. Det har vore eit uttalt mål at kommunen ynskjer auka turnover i dei kommunale bustadane. Kommunen ynskjer og at fleire vert i stand til å kjøpa eigen bustad.

Husbanken si ordning med startlån skal hjelpe vanskelegstilte inn på bustadmarknaden. Rådmannen ser at det er søkjarar som får avslag på startlån sjølv om dei er i målgruppa for låneordninga. I all hovudsak skuldast avslag på startlån at søkjar ikkje fyller krav til betjeningsevne og eigenkapital på søknadstidspunktet. Enkelt sagt kan vi seie at dei ordningane vi har i dag, ikkje treff dei svakaste i kategorien varig økonomisk vanskelegstilte.

Norge har eit skattesystem som favoriserar bustadeigarar meir enn leigetakarar. I eit lengre tidsperspektiv er det meir gunstig å eige bustad framfor å leige. Leiemarknaden er i dag kjenneteikna av kortidsleige og mange små bustader. Flerie av de bustadsosiale verkemidla er innretta mot å hjelpe vanskelegstilte med å kjøpe eigen bustad. I tillegg til at eige av bustad er gunstig økonomisk, gir det for dei fleste større stabilitet og tryggleik.

#### Vurdering

Eit bustadsosialt tiltak Meland kommune ikkje har prøvd tidlegare, er ordninga «Leige til eige». Husbanken har ordninga «Leige til eige» (sjå Husbanken sine sider), men rådmannen gjer kommunestyret merksam på at det ikkje fylgjer egne midlar frå Husbanken til ordninga. I ordninga «Leige til eige» må kommunen tenkje alternativt kring egne investeringsmidlar og nytta dei støtteordningar som alt ligg i Husbanken i dag. Husbanken forvaltar ikkje eit eige regelverk eller har utarbeidd egne rutiner for ordninga. Den enkelte kommune må difor utarbeide egne retningslinjer for «Leige til eige» i eigen kommune.

I «Leige til eige» fyller ikkje husstanden krava til betjeningsevne og/eller eigenkapital for å få lån per i dag, men er i målgruppa for leige av kommunal bustad. Kommunen vurderer at husstanden har eit potensiale for å eige bustaden på eit seinare tidspunkt. Kommunen skaffar ein bustad som er tilpassa noverande og framtidige behov for husstanden. Husstanden leiger i til dømes tre eller fem år før dei får mulighet til å kjøpa bustaden. Husleige tilsvarar kommunen sine utgifter knytt til den konkrete bustaden, slik at husstanden har mulighet til å spare eigenkapital i leigeperioden.

Alternativt kan gjengs leige/marknadsleige nyttast, der overskot vert reflektert i ein redusert k j pspris. K j pet av bustaden etter tre eller fem  r vert finansiert ved hjelp av oppspart eigenkapital, startl n eller l n i ordin r bank og eventuelt tilskot til etablering. Unge i etableringsfasen eller menneske som m  nyetablere seg er ikkje i m lgruppa for denne arbeidsprosessen. Denne ordninga er for dei som vert vurdert som varig  konomisk vanskelegstilte.

Intensjonane i ordninga «Leige til eige» er dei same som for alt bustadsosialt arbeid. Det som skil denne ordninga fr  andre tiltak er at leigetakar f r opsjon til   k j pe bustaden han leiger til kostpris. Kommunen f r dermed ikkje med eventuell prisstigning i marknaden.

Kommunar har utarbeidd ulike retningslinjer og rutiner for ordninga «Leige til eige». R dmannen ynskjer difor i f rste omgang og pr va ut ordninga «Leige til eige» i ein eigen pilot med eit begrensa tal bueingar. R dmannen vurderer at piloten vil gje naudsynt erfaring til   kunne vurdere om ordninga «Leige til eige» skal etablerast som fast ordning i Meland kommune. R dmannen ber kommunestyret st tte at kommunen nyttar alt budsjetterte investeringsmidlar til ordninga «Leige til eige». R dmannen presiserer at det i denne omgang ikkje blir bedt om ytterlegare investeringsmidlar. R dmannen vurderer at den  konomiske risikoen ved   invistera i ordninga «Leige til eige» ikkje skil seg vestentleg fr  investering i  vrige kommunale bustader. I eit folkehelseperspektiv understrekjer R dmannen at det   ha ein trygg busituasjon er ein f resetnad for eit godt og stabilt liv. R dmannen vurderer vidare at ordninga «Leige til eige» ikkje har andre konsekvensar for milj  enn det andre invetseringar i bustader har.

### **Konklusjon**

R dmannen ber Kommunestyret pr va ut ordninga «Leige til eige» i f rste omgang som ein pilot. I piloten vil kommunen investere i inntil fire bueingar til f rem let. Pilotarbeidet vil gi naudsynt erfaring og gje kommunestyret eit grunnlag for   kunne vurdere om ordninga «Leige til eige» skal etablerast som permanent ordning i Meland kommune og kan overf rast til Alver kommune.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar at ordninga «Leige til eige» vert etablert som eit pilotprosjekt der kommunen kan investere inntil fire bueingar til f rem let. Piloten vil gje kommunen eit grunnlag til vurdere om ordninga «Leige til eige» skal etablerast som permanent ordning i Meland kommune.

### **Utval for levek r - 16/2018**

#### **ULK - behandling:**

Leiar NAV Arngunna Haga orienterte.

#### **ULK – samr ystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret vedtar at ordninga «Leige til eige» vert etablert som eit pilotprosjekt der kommunen kan investere inntil fire bueingar til f rem let. Piloten vil gje kommunen eit grunnlag til vurdere om ordninga «Leige til eige» skal etablerast som permanent ordning i Meland kommune.

## **Kommunestyret - 46/2018**

### **KS - behandling:**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret vedtar at ordninga «Leige til eige» vert etablert som eit pilotprosjekt der kommunen kan investere inntil fire buingar til føremålet. Piloten vil gje kommunen eit grunnlag til vurdering om ordninga «Leige til eige» skal etablerast som permanent ordning i Meland kommune.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Martin W. Kulild	FE - 037, TI - &10	18/1324

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
46/2018	Formannskapet	PS	23.05.2018
47/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Konseptstudie - utviding av IKT-samarbeidet

### Vedlegg:

Fylgjeskriv IKT-utviding - saksgrunnlag til rådmennene  
IKTNH Utviding konseptfase 2.0

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Kommunane, innbyggjarane og næringslivet sine krav og forventningar til digitalisering av kommunale tenester og arbeidsprosessar aukar sterkt. Meland kommune, saman med dei andre kommunane i Nordhordland bør møte denne utfordringa med å sjå på korleis ein organiserer og nyttar ressursane. Gjennom IKT Nordhordland (IKTNH) har vi i Nordhordland ein felles IKT teneste som leverer drift, forvaltning og støtte til kommunane. Kommunane i Nordhordland deler på kostnadene på IKTNH og dei tenestene som vert produsert gjennom selskapet. IKTNH kan nytte ressursane på ein meir optimal måte dersom ein får til ei utviding med fleire kommunar.

I dette perspektivet vil det vera eit viktig bidrag å vurdere om det er grunnlag for å få fleire kommunar med i samarbeidet. Med fleire deltakande kommunar skal det medføre ei gevinstrealisering for Nordhordland kommunane, samtidig som det kjem til nytte for fleire kommunar i Hordaland. Ei utviding av samarbeidet kan bidra til at ein får frigjort tilstrekkeleg med ressursar til å styrke tenestene, samtidig som det vert å etablere eit godt grunnlag for ei forsterka satsing på digitalisering og innovasjon i kommunane.

#### Hovudkonklusjon frå konseptfasen

I konseptfasen har vi arbeidd med å utgreia spørsmålet om utviding for å avklare grunnlaget for ei eventuell utviding av IKT-samarbeidet med fleire kommunar og hovudkonklusjon er:

- Ei overordna vurdering syner at ein kan levera dagens teneste til fleire kommunar med eit positivt økonomisk resultat som dei samarbeidande kommunane vil kunne nytta til investeringar i digitalisering utan å auka totalkostnadane for IKT.
- Ei utviding vil gi IKTNH eit betre grunnlag for å levere dei tenestene som trengs i framtida. Det går både på kvalitet og kapasitet.



- Konseptfasen syner at det er grunnlag for å få til ei utviding av IKTNH. Nokre kommunar har allereie kontakta IKTNH med ynskje om å få til eit samarbeid og andre kommunar har svart positivt på vår henvendelse.
- Austevoll får levert tenester frå IKTNH – det fortsetter som i dag. Samnanger er også interessert i å få levert tenester. Gulen vil komme inn som medlem så snart det er naturleg. Samnanger og Austevoll vil komme inn som medlem når ein får avklart i hovudprosjektet om der er andre kommunar som også ønskjer å delta.
- Ei utviding vil også krevje at IKTNH må utvikle seg og det må sjåast på styringsstrukturen slik at dei kan stå fram som ein profesjonell leverandør av IKT teneste.

### Samrøysta vedtak – Regionrådet 31. januar 2018

- Regionrådet stiller seg bak forslaget om at IKT Nordhordland vert eit § 27 selskap og at forslaget til vedtekter vert vedteke slik dei ligg føre.
- Regionrådet ser det som ønskeleg at ein kjem i gong så raskt som mogeleg med å sjå på mogelegheita for å utvida det interkommunale samarbeidet med nye kommunar.

Regionrådet tilrår at det vert starta opp eit arbeid med konseptfase som skal utgreia spørsmålet om utviding i samsvar med vedlagte prosjektmandat. Det skal avklare grunnlaget for ei eventuell utviding av IKT-samarbeidet med fleire kommunar.

Rapporten frå konseptfasen vil bli handsama av kommunane før det vert bestemt om det vidareførast i eit planleggingsprosjekt som skal danne grunnlaget for eit endeleg vedtak om utviding av samarbeidet.

Regionrådet vedtok å gjennomføre det vidare arbeidet slik figuren under syner.



### Rådmannsutvalet gjorde fylgjande vedtak fredag 27. april:

Rådmannsutvalet tar rapporten til vitende og ber om ein går vidare med neste fase i utgreiinga.

Dersom Gulen kommune er klar for å gå inn i §27-samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er rådmannsutvalet positiv til det.

Rådmannsutvalet er også positiv til at Samnanger kan takast inn på same vilkår som Austevoll i dag har, men at fullverdig medlemskap vert vurdert gjennom hovudprosjektet for begge kommunane.

**Framlegg til vedtak:**

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Meland kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Meland kommune positiv til det.

**Formannskapet - 46/2018****FS - behandling:****Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak fekk 6 røyster for (2 AP, 1 H, 1 SP, 1 KrF, 1 V), 1 røyst mot, (FrP), og er såleis vedteke.**

**FS – framlegg til vedtak (mot 1 røyst)**

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Meland kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Meland kommune positiv til det.

**Kommunestyret - 47/2018****KS - behandling:****KS - samrøystes vedtak:**

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Meland kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Meland kommune positiv til det.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Merete Rossland Fløysand	FA - U63	18/1555

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
48/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Pizzabakeren Meland - Søknad om serveringsløyve frå serveringsvogn

### Vedlegg:

Vedlegg til søknad - Konseptbeskrivelse for serveringsvogn  
Bilde serveringsvogn

### Saksopplysningar:

Vi har motteke søknad d. 05.06.2018 frå Moldekleivmarka 21 AS, ved dagleg leiar Bente Steine Lindvik om serveringsløyve for serveringsvogn, merka Pizzabakeren.

Søkjjar opplyser at dei ønskjer å frakte serveringsvogna med seg rundt på arrangement i Meland kommune. Søkjjar vil ta kontakt med arrangørane på førehand for å avklare om lov til å plassere vogna.

Serveringsvogna vil og bli brukt til produksjon ved større bestillingar til kundar da vogna har eigen steikeovn.

Serveringsvogna er ei salsvogn der ein vil selje pizza, kaffi og liknande. Salsvogna har ein størrelse på 9 m<sup>2</sup> og har ingen sitteplassar inne.

Søkjjar har meldt frå til Mattilsynet 04.06.2018 om oppstart av serveringsvogn.

Dagleg leiar Bente Steine Lindvik f. 14.01.1969 har den 19.02.18 bestått etablerarprøven for serveringsvirksomhet i samsvar med Serveringslova § 5.

### Konklusjon

Søknaden er vurdert i samsvar med reglane i serveringslova av 13. juni 1997 nr. 55, på bakgrunn av dei opplysningar som er gitt og dei uttaler som er innhenta i samband med søknaden, og rådmannen tilrår at løyve vert gitt som omsøkt.

### Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at Moldekleivmarka 21 AS, Org. nr 916 268 572 får serveringsløyve for serveringsvogn, merka Pizzabakeren.

Kommunestyret godkjenner at plassering av serveringsvogna gjeld for heile Meland kommune. Dette har som vilkår at det til ei kvar tid ligg føre avtale og godkjenning frå grunneigar der serveringsvogna er plassert, samt at plassering av vogn ikkje er i konflikt med føringar frå politi og trafikketat.

Løyvehavar pliktar å melde frå til Meland kommune om endringar ved serveringsstaden jfr. Serveringslova § 14.

Kommunestyret godkjenner Bente Steine Lindvik f. 14.01.1969 som dagleg leiar.»

### **Kommunestyret - 48/2018**

#### **KS - behandling:**

#### **KS - samrøystes vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at Moldekleivmarka 21 AS, Org. nr 916 268 572 får serveringsløyve for serveringsvogn, merka Pizzabakeren.

Kommunestyret godkjenner at plassering av serveringsvogna gjeld for heile Meland kommune. Dette har som vilkår at det til ei kvar tid ligg føre avtale og godkjenning frå grunneigar der serveringsvogna er plassert, samt at plassering av vogn ikkje er i konflikt med føringar frå politi og trafikketat.

Løyvehavar pliktar å melde frå til Meland kommune om endringar ved serveringsstaden jfr. Serveringslova § 14.

Kommunestyret godkjenner Bente Steine Lindvik f. 14.01.1969 som dagleg leiar.

# Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kristin Moe	FA - K54, HistSak - 14/165	17/3126

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
63/2018	Formannskapet	PS	13.06.2018
49/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## Handtering overvatn Holtermandsvegen

### Vedlegg:

Handtering overvatn Holtermandsvegen  
10203254-01-RIVA-NOT-02  
10203254-01-RIVA-NOT-01-Meland beregninger

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

Visar til vedlagt sak «Handtering overvatn Holtermandsvegen» som vart vedtatt utsett i Formannskapet sak 23/2018 og Kommunestyret sak 18/2018.

### Nye opplysningar i saka:

Etter Formannskapet sitt vedtak i sak 23/2018 om å sjå overvassproblematikken i Holtermandsvegen i ein større samanheng, vart Multiconsult på ny engasjert for å vurdere flaum- og overvassproblematikken i ein større samanheng. I notat utarbeidd av Multiconsult er flaumvegane for heile Frekhaug sentrum vist. Multiconsult har kome til same konklusjon som i første rapport, og det vil difor ikkje vere noko endring i anbefalte tiltak eller estimert kostnad.

Når det gjeld planlegging av nytt kryss på Frekhaug og utbetring av fylkesvegen opp mot Sagstad skule er Meland kommune invitert til møte med Statens vegvesen v/Multiconsult tysdag 5. juni. Meland kommune vil krevje at Statens vegvesen i reguleringsplan sikrar at den nye utbygginga ikkje fører til overvassproblematikk i tilgrensande område. Ved nye utbyggingar er tiltakshavar ansvarleg for at krav og føringar i areal- og reguleringsplan og i byggtknisk forskrift er tatt vare på, også når det gjeld handtering av overvatn. I byggjesaker vil Meland kommunen sørge for at handtering av overvatn er vurdert og avklart før rammeløyve blir gitt.

Når det gjeld situasjonen i Holtermandsvegen er dette noko Meland kommune må ta ansvar for, jf. vurderingane gjort i vedlagt sak «Handtering overvatn Holtermandsvegen». Multiconsult har i sine beregningar tatt høgde for framtidig utbygging i nedbørsfeltet, samt økt nedbørsintensitet som følgje av klimaendringar.

Folkehelse  
Miljø  
Økonomi

### **Konklusjon**

Rådmannen held fast ved konklusjonen i vedlagt sak «Handtering overvatn Holtermandsvegen», då Multiconsult har kome til same resultat og konklusjon som i første rapport.

### **Framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at det vert oppretta eit eige prosjekt «Handtering overvatn Holtermandsvegen» med ei ramme på 2,5 millionar kronar eks mva, finansiert over investeringsbudsjettet for avlaupsanlegg.

### **Formannskapet - 63/2018**

#### **FS - behandling:**

#### **FS – samrøystes framlegg til vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at det vert oppretta eit eige prosjekt «Handtering overvatn Holtermandsvegen» med ei ramme på 2,5 millionar kronar eks mva, finansiert over investeringsbudsjettet for avlaupsanlegg.

### **Kommunestyret - 49/2018**

#### **KS - behandling:**

#### **Tilleggsframlegg frå Meland KrF v/Stian Lavik:**

Dersom tiltaket fører til utilsikta negative konsekvensar for områda lenger nede, skal administrasjonen koma attende med sak til politisk handsaming.

#### **Avrøysting:**

**Formannskapet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.**

**Tilleggsframlegget frå KrF vart samrøystes vedteke.**

#### **KS – samrøystes vedtak:**

Kommunestyret godkjenner at det vert oppretta eit eige prosjekt «Handtering overvatn Holtermandsvegen» med ei ramme på 2,5 millionar kronar eks mva, finansiert over investeringsbudsjettet for avlaupsanlegg.

Dersom tiltaket fører til utilsikta negative konsekvensar for områda lenger nede, skal administrasjonen koma attende med sak til politisk handsaming.

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Reidun Elin Johannessen	FA - Q13, FA - N06	18/989

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
28/2018	Utval for levekår	PS	22.05.2018
50/2018	Kommunestyret	PS	20.06.2018

## **Kartlegging/vurdering av vegstrekning kortare enn 2/4 KM - brukt til skuleveg. FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule**

### **Vedlegg:**

Innspill skuleskyss flatøy-sagstad

Kartlegging/vurdering av vegstrekning kortare enn 2/4 KM - brukt til skuleveg. Fv. 564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen-Bustølvegen (til Sagstad skule)

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Bakgrunn for vurdering av vegstrekninga ligg i budsjettvedtak for 2018. I punkt 13.2 om skuleskyss står det: «*Vedtak om særskilt skyss grunna farleg veg for elevar frå Flatøy til Meland ungdomsskule og Danielsen ungdomsskule (Fv 564) blir oppheva gjeldande frå 01.01.2018. Det vert laga eigen sak til kommunestyret med føremål om oppheving av skyss for elevar frå Flatøy til Sagstad skule for aktuelle aldersgrupper gjeldande frå 1.8.2018*».

Det er gjort ei vurdering av om strekninga er *særleg farleg eller vanskeleg* (ligg vedlagt). Vurderinga har vore til høyring hos FAU ved Sagstad skule. Innspel ligg vedlagt.

#### Rettsleg grunnlag:

Opplæringslova § 7-1: «*Elevar i 2.-10. årstrinn som bur meir enn fire kilometer frå skolen har rett til gratis skyss. For elevar i 1. årstrinn er skyssgrensa to kilometer. Elevar som har særleg farleg eller vanskeleg skuleveg har rett til gratis skyss utan omsyn til veglengda*». Saksutgreiinga byggjer på tolkingar frå Udir-3-2009 (sist enda 21.08.2017) pkt. 12 s.12.

#### Føresetnader ved vegen:

1. Trafikktettleik: ÅDT (minste) på 6600 Rosslandsvegen. Flatøyvegen ved rundkjøringa ÅDT (minste) på 2000.
2. Vegdekke: Asfalt
3. Breidde: God utanom gangveg over Krossnessundbrua.
4. Fotgjengarovergangar: Det er undergang i krysset mellom F564 og FV245. Det manglar fotgjengarovergang mellom krysset frå Flatøyvegen og Solberget.
5. Gang- og sykkelveg: Gang- og sykkelveg ev. breidt fortau langs heile strekninga utanom Bustølvegen.
6. Lys: God

7. Generell sikt: God
8. Fartsgrense: 70 Km på Roslandsvegen
9. Omsyn om trafikktilhøve kan endre seg gjennom året: Ikkje aktuelt.

Individuelle føresetnader ved elevane:

Individuelle føresetnader (t.d. anna alder, syn, høyrsel og utvikling) vert vurdert opp mot relevante tilhøve ved vegen. Trygg Trafikk sin rettleiar for ulike alder vert brukt som rettleiing. Det er ikkje aktuelt å vurdere alder på elevar i 1. trinn då dei uansett vil ha rett på skyss grunna avstand (meir en 2 km).

<b>Barns forutsetninger i trafikken</b> (Kjelde: Trygg Trafikk sin veileder «Særlig farlig eller vanskelig skolevei»)	
<b>Alder</b>	<b>Kjenneteikn</b>
Elevar på 2. og 3. trinn	<ul style="list-style-type: none"> <li>· mer kroppskontroll, men fortsatt lekende og impulsive</li> <li>· tenker konkret og trenger konkret veiledning</li> <li>· har vanskeligheter med å ta andres perspektiv</li> <li>· fremdeles opptatt av regler</li> </ul>
Elevar på 4. og 5. trinn	<ul style="list-style-type: none"> <li>· har trafikkerfaring fra eget nærmiljø</li> <li>· ikke lenger så regelbundne, regler tilpasses eller droppes</li> <li>· stiller mer spørsmål og aksepterer ikke ukritisk voksnes pålegg og anbefalinger</li> <li>· mer selvstendige</li> <li>· begynner å relatere seg mer til jevnaldrende</li> </ul>
Elevar på 6. og 7. trinn	<ul style="list-style-type: none"> <li>· kan overføre erfaringer fra en situasjon til en annen</li> <li>· kan generalisere kunnskap</li> <li>· kan forutse situasjoner, forstår at biler kan komme selv om de ikke ser dem</li> <li>· har stor tro på egne ferdigheter</li> <li>· har evne til å ta andres perspektiv</li> <li>· forstår bedre konsekvenser av handlinger</li> </ul>

**Vurdering**

Ei vurdering om vegen er særleg farleg eller vanskeleg må ta omsyn til 1) føresetnader ved vegen og 2) dei individuelle føresetnadane elevane har for å ta seg fram på skulevegen.

Vegen har på det meste gode føresetnader. Sjølv om det er stor trafikk og fartsgrense på 70 km/t, har vegstrekninga gang- og sykkelveg og fortau. Det er gode lystilhøve, oversiktleg og godt vegdekke. Det er likevel eit viktig moment at trafikkmengde er stor på deler av strekninga, og at gangsti over Krossnessundbrua er smal og autovern/gjerde er såpass låg at barn lett kan sitje seg eller lene seg over kanten. Bustølvegen nyttast i dag av mange skuleborn og er vurdert til være ikkje særleg farleg eller vanskeleg.

Elevar på 2.-3. trinn har meir kroppskontroll enn elevar på 1. trinn, men er fortsatt leiken og impulsive. Dei tenkjer konkret og treng konkret rettleiing. Dei har vanskar med å ta andre sine perspektiv. Desse elevane vil ha dårlegare føresetnader for å ta seg for på strekninga, særskilt i tilknytning området rundkjøringa på Flatøy og over Krossnessundbrua.

Elevar på 4. og 5. trinn har trafikkerfaring frå eige nærmiljø er meir sjølvstendig og stiller spørsmål. Elevar på 6. og 7. trinn kan sjå situasjonar på førehand og forstår at bilar kan kome sjølv om dei ikkje ser dei. Elevar frå 4.-7. trinn vil ha vil ha føresetningar til å ta for seg på heile strekninga.



Vurdering av innspel frå FAU ved Sagstad skule er skildra i tabell under.

Nr.	Innspel	Vurdering
1	Gangveg over Krossnessundbrua har ikkje tilfredsstillande breidde samt for lavt rekkverk mot trafikk. Dette ikkje å betrakta som ein trygg skuleveg, heller særleg farleg. Det vert også vert påpeika i vurderinga at gangsti over Krossnessundbrua er smal og autovern/gjerde er såpas låg at barn lett kan sitje seg eller lene seg over kanten. Det er derimot ikkje vurdert noko om tiltak rundt dette. Ein kan ikkje påpeika at her er det ein overhengande fare uten at ein vurderer tiltak for å redusera denne faren.	I saksutgreiinga er gangveg over Krossnessundbrua vurdert som særleg farleg for dei miste elevane. Difor vil 2. og 3. trinn få behalde skyss til skulen.
	Notatet tar ikkje opp i seg at elevane må krysse Frekhaugkrysset. Frekhaugkrysset er eit uoversiktleg kryss med stor trafikk inn og ut frå Frekhaug senter/bussterminalen og Rosslandsvegen. I krysset er det ikkje fotgjengarovergang eller gangfelt som gir dei gåande prioritert. Utbetring av Frekhaugkrysset er omtalt i Meland kommune sin tiltaksplan for trafikksikring. I tiltaksplanen kjem det fram at det er planer om å utbetre krysset som ein del av Nordhordlandspakken.	Skulevegen går frem til overgangsfelt ved Rema 1000 og Rådhuset. Vidare følgjar elevane gangsti og fortau opp til sykkel-/gangsti langs Bustølvegen. Dette vert lik for andre elevar som bur på Frekhaug t.d. Lonneren og Nordgardshaugen.
	I Bustølvegen benyttar ein bilveg til sykkel-/gangsti, denne strekninga har stor persontrafikk til/frå skulen og er tidlegare foreslått av FAU å utbetras med oppmerking for syklistar og fotgjengere (maling i veg).  Vil potensielt medføra økt privat biltrafikk ved Sagstad skule då fleire vil kjøyre barna, dette er allereie eit belasta område mht. biltrafikk.	Auke i del elevar som ikkje lenger får rett til fri skyss er få (frå hausten 2018 er det 14 elevar). Det vil difor ikkje bli ein stor endring for dei elevane som allereie går langs dette strekket. For Flatøy- elevane vil det berre gjelde elevar frå 4. trinn og oppover. Dei er meir rusta til å ta seg fram i trafikkbilette grunna alder.  Her må føresette og skule kontinuerlig oppmode kvarandre om at barn går eller sykklar til skulen.
	Elevar 4.-7. trinn som bur lenger enn 4 km fra Sagstad skule (ca. alle som bor nord/øst for Flatøy Skule) vil fortsatt ha rett på skuleskyss, det vil sei at born som bur relativt nær kvarandre vil ha ulike tilbod/rettigheter og dette kan virka svært urettferdig. Strekninga er altfor langt å gå kvar dag med tung ransel, om det er 3,8 km eller 4,1 km.	Dette er ein problemstilling som gjeld alle elevar i kommunen. 4 km er ein absolutt grense. Praktisering av dette er ikkje unikt for barn som bur på Flatøy.

#### Folkehelse

Fleire barn og unge som får moglegheit til å gå og sykle til og frå skulen vil vere bra for folkehelsa.

#### Miljø:

Ikkje relevant.

#### Økonomi:

Ikkje relevant.

#### **Konklusjon**

Vurdering av innspel frå FAU på Sagstad skule gir ikkje grunnlag for å endre på forslag til prinsippvedtak. Vegstrekninga - *FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule*, har på det meste gode føresetnader. Elevar på 2.-3. trinn vil framleis ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg (heile året). Elevar frå 4.-7. trinn vil ikkje lenger ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg. Endringane vil gjelde frå skuleåret 2018-2019, og det gjeld til saman 14 elevar.

**Framlegg til vedtak:**

På vegstrekninga - *FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule*, vil elevar på 2.-3. trinn ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg (heile året). Elevar frå 4.-7. trinn vil ikkje ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg. Endringane vil gjelde frå skuleåret 2018-2019.

**Utval for levekår - 28/2018****ULK - behandling:**

Skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen orienterte.

**Redaksjonell endring:**

Kommunestyret godkjenner følgjande: På vegstrekninga....

**Avrøysting:**

**Framlegg til vedtak fekk 3 røyster mot, (2 H, 1 KrF), 3 røyster for, (2 AP, 1 SP), og med leiar si dobbeltstemme vart rådmannen sitt framlegg vedteke.**

**ULK – framlegg til vedtak (mot 3 røyster):**

Kommunestyret godkjenner følgjande: På vegstrekninga - *FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule*, vil elevar på 2.-3. trinn ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg (heile året). Elevar frå 4.-7. trinn vil ikkje ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg. Endringane vil gjelde frå skuleåret 2018-2019.

**Kommunestyret - 50/2018****KS - behandling:****Tilleggsframlegg frå Ørjan Kristiansen, Uavh:**

Kommunestyret ber Utval for levekår gjennomgå alle vegstrekningar i kommunen med tanke på skuleskyss for dei ulike alderstrinn, og gi kommunestyret ei anbefaling på korleis dette bør innrettes på sikt.

**Avrøysting:**

**Utval for levekår sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for, og fall.**

**Tilleggsframlegg frå Ørjan Kristiansen fekk 2 røyster for, (1 Uavh, 1 BF), 25 røyster mot, (7 AP, 5 H, 3 FrP, 3 Sp, 3 KrF, 2 MDG, 1 V, 1 Uavh)og fall.**